

## Årsmelding for arbeidsutvalet i Eikanger IL 2013:

Medlemmer i arbeidsutvalet: Ingvard Jordal (leiar), Ruth Henanger Jordal (nestleiar/kaserar), Erik Nilsen (medlem), Heidi Bjørge (styremedlem og representant i idrettsrådet), Toril Kvammen (sekretær) og Maria Færø (tilsett).

Dette året hadde me kandidat til leiarvervet, men diverre var det berre ein kandidat til styret. På grunn av dette står alle i arbeidsutvalet på val. Det er uheldig, så valnemnda må tilstrebe å få nok personer til at det kan vere kontinuitet i styret.

Arbeidsutvalet har hatt 9 møte sidan årsmøte 2013, i tillegg til ein del kommunikasjon på e-post og telefon. Hovudstyret har hatt 3 møter sidan førre årsmøte.

### Oppgåver AU har arbeidd med i året:

- Oppfølging av dei ulike gruppene
- Medlemsregistrering
- Samarbeid med utearealgruppa på Ostereidet om å etablere sandvolleyballbane
- Støtte ski- gruppa i satsinga på Gamlesetra ski- anlegg
- Vandelsattest for dei som jobbar med born og unge
- Idrettskulen
- Rutinar rundt økonomi
- Kontakt med Lindås kommune angående baneanlegga
- Hausfest med basar

Oppfølging av gruppene. Det er dei ulike gruppene i laget som er idrettslaget. Det er der tilbod om aktivitet på ulike plan og nivå blir generert. AU har derfor drøfta kva me kunne gjere for å få nærare kontakt med gruppene, dette for å sikra at me og veit kor skoen trykkjer. Me har derfor delt gruppene mellom oss og slik fått «ansvar» for kvar si gruppe. Dette opplever me som eit positivt tiltak. Det har ført til betre kjennskap om kva som rører seg i laget og me har komme tettare på ein del problemstillingar.

Medlemsregistrering er ei tidkrevjande oppgåve. Nokre er framleis treg med å sende inn medlemslister, sjølv om det er betre. Det er og ein del som har feil adresser slik at me får dei i retur. Der er det listene me får inn som ligg til grunn for justeringar frå år til år. Sidan mange er med i fleire grupper er det og tidkrevjande å ha oversikt slik at det enkelte medlem får rett faktura.

EIL er representert i både Idrettsrådet og "Utegruppa for Ostereidet" Utegruppa er ei gruppe bestående av ulike lag og utval knytt til Ostereidet og dei jobbar med å utvikla nærområdet. Det er positivt at me kan samlast om felles tiltak for å betre tilbodet til aktivitet og trivsel i nærområdet. Det synlege provet i 2013 er sandvolleyballbana på Ostereidet.

Gamlesetra ski-anlegg som no er eigd av EIL åleine, er Lindås kommune sitt største skianlegg. Skigruppa har jobba godt med å etablere ei prosjektgruppe for å ta hand om utbetringane i anlegget. Her har AU og prøvd å vera ein aktiv støttespelar i prosessen.

Vandelsattest for dei som jobbar med born og unge er eit viktig tiltak for å hindre at overgrep kan skje i våre samanhengar. På grunn av personvernet er det laga strenge reglar for korleis vandelsattestar skal handterast. Det betyr at det er ein kontinuerleg jobb å vere ajour med dette.

Idrettskulen på Ostereidet har slite litt i motbakke siste året. Det gledelege er at idrettskulen på Eikanger går så det susar. Når det no ser ut til å løsna litt på Ostereidet også, kan det sjå ut til at idrettskulen kjem til å stå sterkare enn den har gjort på lenge. Håpet er å kunne dra med Kløvheim og Leknes etter kvart.

Økonomi er viktig for eit idrettslag. EIL har god økonomi, men i fjor kom Økonor med litt kritikk mot rutineane våre. Det er ikkje heilt unaturleg at det kan skje, når det meste blir gjort av skiftande frivillige. AU har derfor jobba ein del med å betre rutineane i laget. Det er bra for økonomien og det er bra for laget.

Baneanlegga på Ostereidet har ikkje vore veldig høgt prioritert når det gjeld vedlikehald og oppgradering dei siste åra. Me har derfor i lag med gruppestyra hatt kontakt med kommunen, slik at me føler me har ein god dialog med dei no. Litt synlege resultat har me og sett. Gjerde rundt tribuna er på plass og sand til løpebana er komme til Ostereidet.

Haufestem er årets samling i idrettslaget. Det er eit stort dugnadsprosjekt, der mange er med og løfter i flokk. Økonomisk er den eit godt bidrag, sjølv om det gjerne har vore viktigare før enn no. Det sosiale aspektet der me kjem saman på tvers av aktivitetar, får heidra dei som har delteke osv., er bra. Det skulle det gjerne vore meir av.

## **Oppsummering**

2013 har vore eit bra arbeidsår der me har vore litt meir ajour med oppgåvene enn dei siste åra. Framleis er det mykje å strekkja seg etter. Ein handlingsplan som styrer prioriteringar står høgt på ønskje/prioriteringslista. Vona er å koma nye steg vidare i 2014.

Det er mykje å gle seg over i EIL. Mange gjer ein betydeleg innsats for at idrettslaget kan gje eit breitt tilbod med aktivitet i området vårt. Arbeidet vårt femnar om viktige området i samfunnet. Tilbod til born og unge, folkehelse, sosiale møteplassar m.m. er utrykk som dekkjer arbeidet vårt. Det har me grunn til å vera stolte av.